

## Kommunedelplan for kulturminne 2012 - 2020

Vedteke 15. mai 2013 i kommunestyresak 017/13



Bilde 1 – Notaholmen. Foto: Samnanger kommune

*"Det folk som glemmer sin historie har ingen fremtid"*

*Henrik Arnold Wergeland*

## Innhold

|       |  |    |
|-------|--|----|
| 1     | Innleiing .....  | 4  |
| 1.1   | Medverknad .....   | 4  |
| 1.2   | Definisjonar og klargjering av omgrep (RA, 2012).....                                  | 4  |
| 2     | Plangrunnlag.....  | 5  |
| 2.1   | Lover .....  | 5  |
| 2.2   | Nasjonalt nivå .....   | 5  |
| 2.3   | Regionalt nivå .....   | 5  |
| 2.4   | Lokalt nivå.....   | 5  |
| 3     | Kva har vorte gjort på feltet .....  | 5  |
| 4     | Utvikling og endring – Samnanger si historie.....                                      | 7  |
| 4.1   | Næringer og kombinasjonar av næringer som har vore sentrale i ulike tidsperiodar ..... | 7  |
| 4.2   | Samferdslemessige endringar i kommunen.....  | 7  |
| 5     | Grunngjeving og kriteria.....  | 8  |
| 5.1   | Kriteria for automatisk freding av kulturminne .....                                   | 8  |
| 5.2   | Kriteria for vedtaksfreda kulturminne i Samnanger.....                                 | 8  |
| 5.2.1 | Kunnskapsverdiar .....   | 8  |
| 5.2.2 | Opplevingsverdiar.....   | 9  |
| 5.2.3 | Bruksverdi.....  | 9  |
| 5.3   | Vernekategoriar.....   | 10 |
| 6     | Automatisk freda kulturminne .....   | 11 |
| 7     | Tekniske og industrielle kulturminne .....   | 13 |
| 8     | Immaterielle kulturminne .....   | 14 |
| 8.1   | Handlingsboren kunnskap og bygningsvern.....   | 15 |
| 8.2   | Kunsthandverk.....   | 15 |
| 8.3   | Intervju om den gamle levemåten og produksjonslinjene.....                             | 16 |
| 9     | Materielle kulturminne .....   | 16 |
| 9.1   | Faste kulturminne .....  | 16 |
| 9.2   | Krigsminne.....  | 21 |
| 9.3   | Kulturminne i utmark .....   | 22 |
| 9.4   | Lause kulturminne.....   | 23 |
| 10    | Lokale kulturvariantar .....   | 24 |

*Kommunedelplan for kulturminne 2012-2020*

|      |  |    |
|------|--|----|
| 10.1 | Musikk, song og dans .....               | 24 |
| 10.2 | Stadnamn .....                           | 24 |
| 10.3 | Seger .....                              | 24 |
| 10.4 | Skikkar .....                            | 24 |
| 11   | Korleis tek me vare på kulturminna ..... | 24 |
| 11.1 | I planperioden .....                     | 24 |
| 11.2 | Kvifor lokalt arkiv og oppbevaring.....  | 24 |
| 11.3 | Handlingsprogram .....                   | 25 |
| 12   | Arkiv, bibliotek og museum (AMB).....    | 27 |
| 12.1 | Arkiv, bibliotek og museum.....          | 27 |
| 12.2 | Formidling.....                          | 27 |
| 13   | Kjelder.....                             | 29 |
| 14   | Vedlegg.....                             | 30 |

## 1 Innleiing

Denne planen er eit direkte resultat av at Samnanger kommune er ein utvalt SEFRAK-kommune. I 2011 fekk me høve til å søka om kr 200 000 frå Riksantikvaren til registrering av kulturminne. Denne registreringa er grunnlaget for denne planen.



Bilde 2 Paviljongen på Bjørkheim. Foto: Samnanger kommune

Me har hatt eit ynskja å skriva planen slik at den kan vera eit arbeidsdokument i kulturminnevernet. Me har difor lagt vekt på kva som gjer at eit kulturminne har verdi framfor andre. Me har ikkje prioritert kva for nokon kulturminne som er viktigast for Samnanger, men me har nemnt dei me meinar er viktige. Denne lista må ikkje sjåast på som uttømande eller statisk.

Me har diverse ikkje kompetanse på kulturminneregistrering i Samnanger kommune, så me har leigd inn etnolog Arne Høyland. Ei utfordring med å ikkje ha denne kompetansen i kommuneorganisasjonen, er at arbeidet har teke mykje lenger tid enn planlagt.

### 1.1 Medverknad

Med oss i arbeidet har me hatt ein arbeidsgruppe beståande av Samnanger historielag og Tomas Martin Nordvik stiftelse, samt enkeltpersonar som har mykje lokalkunnskap om historia i Samnanger.

Arbeidsgruppa har hatt møte 6 gongar og har vore til stor hjelp for kultureininga.

### 1.2 Definisjonar og klargjering av omgrep (RA, 2012)

*Kulturminne* - alle spor etter menneska sine liv og virke i det fysiske miljøet. Omgrepet omfattar også stader det knyter seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til.

*Automatisk freda kulturminne* – er freda direkte etter lov, utan særskilt vedtak. Kulturminne som er automatisk freda er: faste kulturminne frå før 1537, samiske faste kulturminne eldre enn 100 år, ståande byggverk med erklært opphav frå perioden 1537-1649 og faste og lause kulturminne på Svalbard frå før 1946.

*Faste kulturminne* – er kulturminne som er jord- eller stadfaste. Arkeologiske funn inngår som delar av eit fast kulturminne så lenge dei ligg i jorda eller under vatn.

*Lause kulturminne* – kulturminne som kan flyttast.

*Immateriell kulturarv* – praksis, framstillingar, uttrykk, kunnskap og ferdigheter. Er knytt til det me ikkje kan ta på ved eit kulturminne. Dette gjeld til dømes tru, tradisjonar, sagn og hendingar.

*SEFRAK* – Nemninga vert brukt om bygningar som vart registrert i regi av SEFRAK (Sekretariatet for registrering av faste kulturminne) i åra 1975-1995. Registreringane omfattar i prinsippet alle bygningar som er bygde før 1900. Det einaste kriteriet for registrering var alder på bygningen.

*Listeført* – Alle kyrkjer bygde mellom 1650-1850 er listeførte. Ei rekkje kyrkjer bygd etter 1850 er òg listeført. Listeførte kyrkjer skal handsamast i høve til det såkalla kyrkjerundskrivet. Riksantikvaren skal gje fråsegn om endringar i eller ved kyrkja, og om istandsetjings- og vedlikehaldstiltak.

## 2 Plangrunnlag

### 2.1 Lover

Følgjande lover er styrande for kulturminne:

- LOV 1978-06-09 nr 50: Lov om kulturminner (kulturminneloven)
- LOV 2007-06-29 nr 89: Lov om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemnd (kulturlova)
- LOV 2008-06-27 nr 71: Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven)

### 2.2 Nasjonalt nivå

- Stortingsmelding nr. 16 (2004-2005) Leve med kulturminner. Det kongelige miljøverndepartement

### 2.3 Regionalt nivå

- Fylkesdelplan kulturminne "Kultur viser veg" 1999-2010. Hordaland fylkeskommune

### 2.4 Lokalt nivå

- Kommuneplan for Samnanger 2007-2017
- Kulturplan for Samnanger kommune "Kultur for alle" 2009-2013

## 3 Kva har vorte gjort på feltet

I Samnanger kommune er det registrert 12 lokalitetar med freda faste kulturminne frå før 1538. Dei er fordelt på gamle buplassar, hellarar, steinbrot, fangstplassar og gravminne. Det er også gjort funn av freda lause kulturminne på 10 lokalitetar. Desse ligg lagra på museum utanfor kommunen, for det meste ved Universitetet i Bergen.


Hordaland fylkeskommune har gjennom dei siste tiåra gjort ein del arkeologiske utgravingar, registreringar og prøvestikk i samband med utbyggingsprosjekt.

Den mest omfattande kulturminneregistreringa i kommunen er Riksantikvaren sine SAFRAK-registreringar som vart gjort på 1980-90 talet. I denne registreringa vart 468 hus undersøkt (Kulturminnekompagniet, 2007).

I 1989 vart det gjort ei konsekvensanalyse av kulturminne i Aldalsvassdraget i samband med Bergens lysverk sitt forprosjekt for kraftutbygging. Dei fleste av kulturminna som er omtala finst og i SEFRAK-registeret, men i utgreiinga vart alle kulturminna sett i samanheng.

Øyvind Røen har på oppdrag frå kommunen samla inn stadnamn i Samnanger. Det vart samla inn 8 011 namn. Namna er kartfesta på Hordanamn (<http://hordanamn.ubi.no>), ein nettstad for publisering av stadnamn.

*Gamle dagar i*  
**SAMNANGER**



**Årbok 2000  
Samnanger historielag**

Bilde 3 – Årbok 2000 Samnanger historielag

Hausten 2011 starta Samnanger kommune eit prosjekt med å kartleggja kulturminne i Samnanger. Med støtte frå Riksantikvaren fekk me engasjert etnolog og kulturminnegranskjar Arne Høyland. Dette registreringsarbeidet vert brukt som bakgrunnsmateriell til planen og er planlagt avslutta sumaren 2013.

Samnanger historielag gjev ut ei årbok kvart år som handlar om livet i gamledagar. I tillegg arbeidar dei med kraftutbygginga, skulehistorie, Tysse, gamle kjøretøy, frakteskutene og gamle foto. Historielaget har òg gjeve ut boka "Samnangerdialekten", som er ein samling av ord og uttrykk frå Samnanger.

Tomas Martin Nordviks stiftelse skal mellom anna ta vare på bygningar med innbu og lausøyre på gardsnummer 19 bruk 1, Nordvik. Her er ei stor samling gjenstandar, og arbeidet med å registrera gjenstandane har så vidt kome i gong.

## 4 Utvikling og endring – Samnanger si historie

### 4.1 Næringer og kombinasjonar av næringer som har vore sentrale i ulike tidsperiodar

I Samnanger var jordbruk og handel basert på tømmer og fisk lenge grunnlaget for næringslivet. På 1600-talet starta skottehandelen, då skottane kom for å handla bord, bjelkar, tunnebotnar, tunneband, båtar, årar og anna.

I dei siste tiåra av 1800-talet vaks industribasert på vasskraft fram. A/S Samnanger Uldvarefabrikk vart starta i 1886 ved utløpet av Tysseelva. I 1931 brann fabrikken ned, men i 1941 vart det starta ny produksjon på branntomta. SAFA A/S starta med sokkeproduksjon, og sjølv om produksjonen er flytta ut av landet, held framleis SAFA til i Samnanger.

I 1909 starta vasskraftutbygginga, og mange samningar byrja med anleggsarbeid som attåtnæring til jordbruket. Etter vasskraftutbygginga heldt samningane fram med anleggsarbeidet utanbygds, og det som ein gong var ei attåtnæring har gjort at Samnanger er ei av dei mest typiske anleggsarbeidarkommunane i Hordaland.

I den siste halvdelen av 1900-talet har endringane innan jordbruket vore store. Seterbruk og haustingsjordbruket vart avvikla i 1950-åra, og dei vart erstatta av kulturgeite. Store areal vart òg planta til med gran.

Døme på nyare verksemder er fiskeoppdrett, treindustri (møbel- og kjøkkeninnreiing), transport, graving og betongindustri (ferdigelement). Her er òg smie og mekanisk verkstad. I Eikedalen ligg det største skianlegget i Bergensregionen, med over 30 tilsette i sesongen.

### 4.2 Samferdslemessige endringar i kommunen

Før 1870 var det ingen kjørevegar i kommunen, og fjorden var den viktigaste kommunikasjonsåra. Frå gamalt av har det gått driftsvegar gjennom Samnanger over fjella til Bergen og nabobygdene, og frå Tysse gjennom Frøylandsdalen over Kvamskogen til Hardanger. Den første planlagde vegen gjekk frå Kvenneshella til Samnanger kyrkje på Ådland. Vegen var truleg ferdig på 1850-talet, og vart brukt om vinteren når isen låg på fjorden.

Mot slutten av 1800-talet kom det fleire vegar. Den viktigaste var det som vart riksvegen frå Trengereid jernbanestasjon til Ådland. Vegen var ferdig i 1885 då Vossebanen vart opna. Vegen vidare langs fjorden til Norheimsund sto ferdig i 1906.

Det var stoppestadar for dampbåt på Ådland, Gaupholm, Solbjørg, Saga, Haga og Tysse, og Ådland var knutepunktet mellom trafikken på fjorden og på vegen. I dag er rutetrafikken berre på vegen.

## 5 Grunngjeving og kriteria

### 5.1 Kriteria for automatisk freding av kulturminne

Faste kulturminne frå før 1537 er automatisk freda etter kulturminneloven. Alle ståande byggverk med opphav frå tida fram til og med 1649 er òg automatisk freda.

### 5.2 Kriteria for vedtaksfreda kulturminne i Samnanger

Me kan ikkje ta vare på alle kulturminna. I kulturminneforvaltninga må me kunna grunngje kvifor nokre kulturminne er meir verdifulle enn andre. Det er naudsynt å gjera greie for dei vurderingar som ligg til grunn for prioritering og utveljing av kulturminne og kulturmiljø. Dei faglege vurderingane som skal vektleggjast er:

- Representativitet
- Samanheng og miljø
- Autentisitet
- Fysisk tilstand
- Arkitektonisk og kunstnarisk kvalitet
- Identitet og symbol
- Økonomi og bruk
- Økologi

Eit kulturminne eller kulturmiljø kan relaterast til fleire kriterium. Kva for kriterium det skal leggjast mest vekt på, er avhengig av dei aktuelle kulturminna eller kulturmiljøa me står ovanfor. Dei ulike kriteria kan overlappa og underbyggje kvarandre. Det kan òg leggjast større vekt på enkelte kriterium enn andre. Det er dei same kriteria som skal brukast enten det gjeld vern/ freding eller dispensasjon. Kvar for seg og saman representerer dei kunnskapsverdiar, opplevingsverdiar og bruksverdiar.

#### 5.2.1 Kunnskapsverdiar

##### Representativitet

Kriteriet kan brukast på to nivå, som overordna kriterium eller som kriterium for vurdering på objektnivå. På objektnivå kan det brukast for å samanlikna og prioritera slik at ein vel dei kulturminna som på best mogeleg måte representerar dei verdiane me ynskjer å ta vare på.

På overordna nivå skal eit representativt utval av kulturminne og kulturmiljø sikrast varig vern for å kasta lys over heile historia. Utvalet må visa breidda av spor etter menneska sine liv og levemåte.

##### Samanheng og miljø

Kva for ein kunnskap me kan få fram, vil vera avhengig av om me vernar eit isolert enkeltobjekt eller om me klarar å ta vare på fleire element som utgjer ein større samanheng. Denne samanhengen, i tid og rom, funksjonelt og sosialt, gjev oss kunnskap ut over det eit enkeltobjekt kan.

## **Autentisitet**

Autentisitet betyr at noko er det som det gjer seg ut for å vera. For at det skal gje mening, må autentisiteten alltid relaterast til noko, til dømes: tid, rom og/eller funksjon. Levetida til materialet er vesentleg når autentisitet skal vurderast.

Som hovudregel vil det vera eit minstekrav til mengde originalmateriale i kulturminne for at det skal ha høg verneverdi. Ein bygning eller eit anna kulturminne kan vera så dårlig vedlikehalda at bevaring fører til ei så stor utskifting at autentisiteten vert svekka.

## **Fysisk tilstand**

Det må vurderast om kulturminne eller kulturmiljøet er i ein slik fysisk tilstand at det let seg bevara. Der me har valet mellom fleire mogelege miljø eller objekt, vil det vera naturleg å velja det som er godt vedlikehalde.

### *5.2.2 Opplevingsverdiar*

#### **Samanheng og miljø**

Det har alltid vore eit nært samspel mellom landskap, naturressursar og det menneskeskapet miljø. Til dømes har sjø og vassdrag vore ein lokaliseringsfaktor for busetjing, næringsverksemd og ferdsel. Gjennom planlegging er det mogeleg å oppretthalda og vidareutvikla dei historiske nøklane til forståing av karakteren av standen.

#### **Arkitektonisk og kunstnarisk kvalitet**

Opplevinga av eit betydeleg verk har ein verdi som er særeigen, uansett kva for ein samanheng det vert opplevd i. Det vert lagt vekt på form, struktur, materialval og detaljutforming. Hellimaleri fortel ikkje berre om ein tidligare forstillingsverd, men dei kan òg vera eit resultat av trøngen menneske har til å skapa kunstnarlege uttrykk.

#### **Identitet og symbol**

Mange kulturminne og kulturmiljø har særlege kvalitetar som gjer at kjensle av attkjening og tilhørsle vert viktige for menneske. Det kan vera konkrete hendingar eller personar som er knytt til staden, eller til tradisjon eller kontinuitet i bruken av området.

### *5.2.3 Bruksverdi*

#### **Økonomi og bruk**

Eigarar vil normalt ta vare på bygningar og anlegg som framleis har ein bruksverdi. Kostnadene vert haldne nede med jamleg bruk og vedlikehald. Dette er den enkleste og rimelegaste måten å verna på. Dersom tilstanden er god, kan økonomiske og kulturhistoriske argument byggja kvarandre opp til fordel for vern.

#### **Økologi**

Bruk av eksisterande bygningar og anlegg har langsiktige og positive effektar for miljøet. Vurderingar i dette kriteriet kan vera faktorar som miljøbelastning (energiforbruk, forureining og avfall) ved drift og

vedlikehald, eller tilpassing/opprustning av eksisterande anlegg. Dette må vegast opp mot miljøbelastninga ved å riva og byggja nytt. Det vil i tillegg vera nødvendig å sjå på høve for gjenbruk av materialar ved ombygging eller riving.

### 5.3 Vernekategoriar

Basert på desse verdivurderingane kan kulturminne og kulturmiljø sikrast enten ved freding eller vern.

#### **Freda/fredingsverdig kulturminne og kulturmiljø med heimel i Kulturminnelova.**

Kulturminne og kulturmiljø som er freda eller vert foreslått freda, har høg nasjonal verneverdi. Alle faste kulturminne frå før 1537 og alle ståande bygg og anlegg erklært eldre enn 1650 er automatisk freda etter Kulturminnelova. Nyare fredingsverdige bygg og anlegg kan sikrast med vedtaksfreding i samsvar med Kulturminnelova. Lova fastset ei rekke forbod og påbod i samband med freding.

#### **Verna/verneverdige kulturminne/kulturmiljø**

Verneverdige kulturminne/-miljø kan skiljast i to vernegradar/-former.

Verneverdig kulturminne og kulturmiljø som vert vurdert til å ha stor lokal/regional verneverdi bør sikrast med særskilte tiltak. Vern kan skje i samarbeid med grunneigarar og brukarar, eller ved regulering til omsynssone. For særleg verneverdige kulturminne og kulturmiljø bør det gjelda eit generelt riveforbod og endringsfråsegn.


Andre potensielle verneverdige kulturminne og kulturmiljø vil gjelda alle bygg og anlegg bygd før 1950. Dette gjeld ei stor gruppe kulturminne og kulturmiljø. Spørsmål om endring, riving og andre byggetiltak bør vurderast i kvart enkelt tilfelle av kommunen.

## 6 Automatisk freda kulturminne

I Samnanger kommune har me per 1.1.2013, 13 automatisk freda kulturminne.

|          | Navn              | Kategori          | Art               | Kommune               |
|----------|-------------------|-------------------|-------------------|-----------------------|
| 85366-4  | Kirkegård         | Arkeologisk minne | Kirkegård         | Samnanger i Hordaland |
| 96132-1  | Gravhaug          | Arkeologisk minne | Gravhaug          | Samnanger i Hordaland |
| 97135-1  | Heller            | Arkeologisk minne | Heller            | Samnanger i Hordaland |
| 97137-1  | Fangstgrav        | Arkeologisk minne | Fangstgrav        | Samnanger i Hordaland |
| 97137-2  | Fangstgrav        | Arkeologisk minne | Fangstgrav        | Samnanger i Hordaland |
| 97137-3  | Fangstgrav        | Arkeologisk minne | Fangstgrav        | Samnanger i Hordaland |
| 97609-1  | Klebersteinsbrudd | Arkeologisk minne | Klebersteinsbrudd | Samnanger i Hordaland |
| 97618-1  | Klebersteinsbrudd | Arkeologisk minne | Klebersteinsbrudd | Samnanger i Hordaland |
| 97619-1  | Klebersteinsbrudd | Arkeologisk minne | Klebersteinsbrudd | Samnanger i Hordaland |
| 120768-1 | Heller            | Arkeologisk minne | Heller            | Samnanger i Hordaland |
| 129582-1 | Aktivitetsområde  | Arkeologisk minne | Aktivitetsområde  | Samnanger i Hordaland |
| 129583-1 | Bosetningsspor    | Arkeologisk minne | Bosetningsspor    | Samnanger i Hordaland |
| 129584-1 | Bosetningsspor    | Arkeologisk minne | Bosetningsspor    | Samnanger i Hordaland |

Kommunedelplan for kulturminne 2012-2020



## 7 Tekniske og industrielle kulturminne

Den gjennomgripande industrialiseringa i Noreg skjedde på midten av 1800-talet og førde med seg store samfunnsomveltingar. Nye industristader oppstod og vart gjerne bygd frå grunnen av. Verksemduene var avhengig av å liggja nær ei naturleg kraftkjelde som vatn og fossefall. Tekniske og industrielle kulturminne er fellesnamnet for kulturminne som er knytt til utnyttinga av naturressursane.

I moderne tid har vasskrafta hatt mykje å seia. Sist på 1800-talet starta Samnanger Ullvarefabrikk med kraft frå Tyssefossen. Fabrikken brann ned til grunnen i 1931, men i 1941 bygde A/S SAFA ny teknikalfabrikk på branntomta. A/S SAFA vart seinare ein hjørnestensbedrift i kommunen. Tidleg på 1900-talet bygde Bergen lysverker ut Samnangervassdraget, etter initiativ frå mellom anna O. W. Fasting og Christian Michelsen. Kraftverket på Frøland er framleis i drift.

I Samnanger finst det fleire tekniske og industrielle kulturminne. Me har treskofabrikken, sokkefabrikken, Frøland kraftverk, og nokre mikrokraftverk til eiga bruk. Sjølv om Samnanger er kjent for si vasskraft har me òg dømar på andre kraftverk. Ei hytte mellom Hisdal og Skulstad hadde vindmølle og bilbatteri til innvendig belysning. Hytta vart bygd i 1946, men vindmølla kom frå ein gard i Vaksdal som hadde fått strøm. Dette vart nytta til ca 1970.

### Mikrokraftverk Dyrhovden

Mikrokraftverket på Dyrhovden vart tatt i bruk i 1944. Kraftverket er ganske komplett. Dette er truleg eit svært viktig teknisk kulturminne i Samnanger. Det har ikkje vorte dokumentert innvendig, og dette bør gjerast. Me bør òg undersøkja om det finst liknande kraftverk i kommunen og i resten av fylket for å avklara meir om den regionale verdien av kraftverket.

### Frøland kraftverk

Den 16. februar 1912 starta den første turbinen, og 9. mars leverte kraftverket for fyrste gong straum til Bergen. I mange år var Frøland kraftverk nøkkelen i kraftforsyninga i Bergen. Som det vart sagt: "Sto kraftverket i Samnanger, stoppa trikken i byen!"



I 1921 var kraftverket ferdig utbygt med seks aggregat. I

Bilde 4 – Frøland kraftverk Foto: Samnanger kommune/Arne Høyland

1962 vart dei fire eldste aggregata erstatta med to nye og større maskiner. I dag produserer framleis aggregata frå 1962 straum – pluss det eine aggregatet frå 1921. Men den aller eldste maskina som er i

bruk, er hundre år. Det er eit «mini-aggregat», ei såkalla magnetiseringsmaskin, som leverer straum til det aggregatet frå 1921.

### Samnanger Treskoverkstad



Bilde 5 – Treskoverkstaden Foto: Samnanger kommune/ArneHøyland

Bygningen til treskoverkstaden sto opphavleg i Havnen, ein plass som hørde til bruket Ugjerde på garden Reistad. Tømmerbygningen var sett opp som stova i Havnen i 1830.

Treskoproduksjonen har hatt sine oppgangs- og nedgangstidar. Frå starten i 1919 var det ein jamn produksjonsauke til ut i 1920-åra, men så i 1930-åra vart det ein tilbakegang på grunn av at gummisko og gummistøvlar kom i sal. Under krigen auka etterspurnaden igjen. Treskoverkstaden vart lagt ned i byrjinga av 1960-talet og det var ikkje gjort

store endringar i produksjonen i den tida verkstaden var i drift. Modellane og marknaden har vore den same.

Me har i 2011 dokumentert produksjonslinja med bilete. Treskoverkstaden står i dag slik den vart forlaten den dagen dei slutta med produksjonen.

Treskoverkstaden bør vurderast som eit regionalt og nasjonalt verneverdig teknisk kulturminne.

### SAFA-pipa

Safa-pipa er eit viktig kulturminne og står som eit monument over den aktiviteten som ein gong var på Tysse. Den er eit viktig symbol for Samnanger og ein del av kulturmiljøet på Tysse. I fabrikklokala er det framleis næringsverksemde.

Det er i dag trøng for rehabilitering av pipa, og det må snart takast ei avgjerd om kva som skal skje med den. Det har tidlegare vore kontakt med museumsentert i Hordaland for å henta erfaringar dei har gjort med renovasjon av fabrikkippa i Salhus.



Bilde 6 – SAFA-pipa. Foto: Samnanger kommune/ Arne Høyland

## 8 Immaterielle kulturminne

Me har kome så langt inn i moderne tid at dei med kunnskapen om måten me levde på og kunnskapen om dei gamle handverka dør ut. Det er viktig å ta vare på det for ettertida slik at me til dømes kan restaurera

kulturminna med dei gamle handverksmetodane.

## 8.1 Handlingsboren kunnskap og bygningsvern

Kunnskapen knytt til faste og lause kulturminne er viktig, både for å forstå korleis det vart gjort og for å kunne restaurere kulturminna som treng det. For å få denne kunnskapen må ein dokumentera og drive direkte opplæring i arbeids- og framstillingsmåtar i dei aktuelle handverka. Det er viktig at me tenkar både på tradisjonelle manns- og damehandverk.

I arbeidet med kulturminneplanen har det kome forslag om å sikra prøvar av samanføyinger i bygningar. Me samde om at sikring av prøver av byggjeskikk er viktig for kulturminnevernet, men som kommune må me prioritere det som er viktig for oss.

Sikring av prøvar må skiljast i to kategoriar: det som er unikt for Samnanger og det som er alminneleg kjent byggjeskikk. Dersom me finn ein byggjeskikk som er unik for Samnanger, må me vurdera om me skal sikra ei prøve i tillegg til å dokumentera den.

Når det gjeld alminneleg kjent byggjeskikk, kan me ikkje sjå at Samnanger kommune har noko særskilt ansvar for å oppbevara prøvar for læring og forsking. Me ynskjer ikkje å bera kostnadane med å halde eit slikt arkiv. Å sikra dei fysiske samanføyingane i alle eldre bygningar er plasskrevande. På dei to bygningane som det er sett på er det føreslått å sikra store delar av bjelkar.

Med å sikra prøver av samanføyinger møter me nokre utfordringar. Slike prøvar må lagrast slik at dei ikkje går tapt under lagringa. Dei treng ikkje berre ly mot elementa, men mot midd og andre skadelege ting. Samnanger kommune manglar ikkje berre eigna lokale til oppbevaring av prøvar, men me har ikkje lokale i det heile til å oppbevara dei i.

## 8.2 Kunsthåndverk

### Tveitafela

Johannes Bårdson Tveit (1786 – 1847) var meister for dei kjende Tveitafelene eller Samningafelene som dei òg vart kalla. Felene er høgmælte og klare i tonen, og dei gjekk for å vera mellom dei beste og mest forseggjorde i si tid. Einskilde feler er enno i privat eiga, men elles er Tveitafela å sjå på Historisk museum i Bergen og på Hardanger folkemuseum.

Johannes var svært nøyne på arbeidet og kva vyrke han nytta.

### Samnangerbunaden

Både kvinne- og mannsbunaden i Samnanger har vore påverka av Hardangarbunaden. Rundt 1950 starta husmorlaget å nya opp att den lokale folkedrakta. For kvinnedrakta var bakgrunnsmaterialet eit grønt koneoverliv frå Tysse og eit skjortemønster dei fann på Husfliden i Bergen. Skaut, skautaband og forklede med utskurdsauam er kopiar av gamle plagg. For mannsdrakta har vesten oppståande krage og

lommeklaffar. Framstykke og krage er av svart vadmål. Sokkebanda er flamma av tjukt, raudt og svart ullgarn.

For både kvinne- og mannsbunaden finst det no òg meir lokalprega bunadar. I samband med utgjeving av "Bunader i Hordaland" i 1987 vart det gjort 60 registreringar i Samnanger. I 1996 vart det registrert nær 200 gamle klede m.m.

### Rosemalings

Omtale om rosemalingstradisjonen i Samnanger vert innarbeid innan kort tid.

## 8.3 Intervju om den gamle levemåten og produksjonslinjene

I registreringa som starta arbeidet med kulturminneplanen har det vorte gjennomført intervju med personar med fyrstehandskunnskap om korleis det var å leva på den gamle levemåten. Me har òg dokumentert produksjonslinjene i dei industrielle kulturminna: SAFA A/S, Treskoverkstaden og Samnanger mineralfabrikk.

Desse intervjua vil ikkje verta omtala i planen, men vil liggja i kulturminnearkivet til Samnanger kommune. Det vil vera mogeleg å nytta seg av intervjua som bakgrunnsmateriale ved historieforteljing.

## 9 Materielle kulturminne

### 9.1 Faste kulturminne

I Samnanger kommune finst det mange faste kulturminne, men dei er ikkje freda etter vedtak. Samnanger kyrkje er listeført etter rundskriv T-3/00 og må sjåast på som freda. Dersom me ynskjer å freda bygg i Samnanger, må det liggja til grunn ei god registrering av alle bygg. Me har i 2011 og 2012 fått registrert mykje, men det er framleis eit behov for å registrera vidare.

Me kan ikkje ta vare på alt, men det er viktig at det er variasjon i det me tek vare på, og at enkeltobjekt eller miljø er kulturminna er tidstypiske. Nedanfor er nokre kulturminne nemnt. Dette er kjente kulturminne i Samnanger. Lista må difor ikkje forståast som statisk eller utfyllande. Det kan dukka opp fleire faste kulturminne under registreringa som me meiner er viktige å synleggjera.

### **Notaholmen**

Notaholmen er eit signalbygg i Samnanger. Den er eit viktig lokalt kulturminne som vitnar om ei bruksform som no er borte. Det vart utført større vøler på bygningen rundt 1980 og i 2009. Bygningen står på ein gammal tørrmur, har ståande sørkledning og er tekt med meir og mindre ville rastaheller. Den nye kledinga er festa med spiker, men det er teke vare på nokre dei gamle kledingsborda.



Bilde 7 – Notaholmen Foto: Samnanger kommune/Arne Høyland

### **Gaupholm handelstad og kai**

Det har vore handel på Gaupholm sidan 1860-åra, men då på vinteren. Det var først i 1869 at heile krambua vart flytta dit. Sidan vart drifta utvida med postopnar, isproduksjon, skyssbåt, lastebilskyss og telefonstasjon. Gaupholm handelstad og kai vart valt til kulturminnestaden i Samnanger i kulturminneåret 1997. Diverre har ikkje Gaupholm vorte dokumentert i det arbeidet me har gjort i 2011 og 2012.

### **Brakeløe i Eikedalen**



Bilde 8 – Brakeløe i Eikedalen. Foto: Samnanger kommune/Arne Høyland

Bygningen er truleg den austlegaste brakekleddde løa i Hordaland, og er heilt brakekledd på tre veggar og litt på den fjerde. I SEFRAK-registeret er alderen sett til over 100 år.

Løa står godt synleg ved Riksveg 7 over Kvamskogen og er eit landmerke på vegen mellom Hardanger og Bergen. Sidan løa står like ved vegen, er den mest synlege og lettast tilgjengelege brakeløa i Samnanger. At løa har mykje brakekleddning og er lett tilgjengeleg, gjer at den er verneverdig.

### Kvernhus på Reistad

Alderen på kvernhuset er usikker, men den kan vera bygd første halvdelen av 1800-talet. Kverna har ikkje vore i bruk etter 1920-1930. Kvernhuset vart reparert rundt 1990. Teikn i materiala viser at dei er produsert mellom 1600-1800 og laftinga er mest typisk for 1800-talet.



Bilde 9 – Kvernhus på Reistad. Foto: Samnanger kommune/Arne Høyland

### Kvernhus på Hildersmark

Kvernhuset har grunnmur og slukt i naturstein og er bygd i bindingsverk. Materiala er øksa for hand. Det kledd med

horisontalt trepanel og taket er tekt med bølgjeblekk. Kvernall, mjølkiste, teine og liknande var på plass då det vart registrert i 1989. Me har ikkje dokumentert kvernhuset i registreringsarbeidet me har gjort i 2011/2012.

At kvernhuset er bygd i bindingsverk er særslig sjeldan, fordi lafta kvernhus har betre stabilitet.

### Kvernhus på Fiske

På Fiske står eit gammalt kvernhus på ein tørrmur i gråstein attmed ein foss. Der er og oppmura fundament i tørrmur for treslåk. Bygningen vart reparert på 1970-talet og lir no under forfall og treng ei rask løysing for antikvarisk sikring og reparasjon. Kvernhuset står sjeldan fint til som eit kulturformidlingsobjekt like ved bilvegen opp mot Kvitingen.

Hordaland fylkeskommune har teke strategiske bilete og mål av bygningen, og er demontert av BKK. Kvernhuset skal restaurerast i løpa på Fiske. Førrebels er det usikkert kven som eig kvernhuset.

### Stolpane skulehus

Stolpane skulehus vart bygd i 1872 og stod på plassen Stolpane under Haugen. Det offisielle namnet på skulen var Hisdal skule. Skulen vart nedlagt i 1963. Stolpane skulehus vart flytta frå Hisdalen til Nordbygda i 2004. Det vart offisielt opna som museum 16. juni 2007. Det vart lagt ned ein stor dugnadsinnsats under flyttinga.



Bilde 10 – Stolpane skulehus. Foto: Samnanger kommune/Arne Høyland

Det er i dag liten aktivitet i huset, men det vert brukt til malaraktivitet og det står to trommesett der. Samnanger kommune må avklare korleis bruken av huset skal vera. Skal det berre vera eit skulemuseum, eller skal me ha andre aktivitetar der òg? Bruken av Stolpane skulehus bør avgjerast i ei eiga sak. Samnanger kommune har rundt 30 gamle pultar, og før me avgjer kva me skal gjera med dei, må me ha gjort oss nokre tankar om bruken av Stolpane skulehus i framtida.

### Rolvsvåg skulehus

Rolvsvåg skule vart bygd i 1893 og er i dag brukt som ungdomshus/grendahus av URD ungdomslag. Skulen vart nedlagt i 1973. Rolvsvåg skule ser ut til å vera svært autentisk som kulturminne med gamalt inventar og læremiddel. Samlikna med Stolpane skulehus, så ser Rolvsvåg skule ut til å ha større verneverdi.

### Samnanger kyrkje

Alt i siste halvdelen av 1100-talet, reknar me med at det vart bygd kyrkje på Ådland. Dette var ei lita stavkyrkje, som stod litt sørvest for den me har no. Samnanger kyrkje har tre ting som truleg har vore i denne kyrkja: eit lite, emaljert krusifiks laga i Limoges frå 1200-talet, ein frontale frå 1315 som no er på Historisk museum i Bergen og nokre små glasmåleri laga i 1614.



Bilde 11 – Samnanger kyrkje. Foto: Samnanger kommune/  
ArneHøyland

I 1652 stod ei ny kyrkje ferdig, på staden der kyrkja står no. Denne kyrkja var lang og smal, vel 18 meter lang og 8,5 meter brei. Kyrkja som står no, er bygd i 1851. Arkitekt Andreas Grønning har gjeve kyrkja ei sermerkt Basilika-form. Sideskipa med dei skrå veggene, gjev kyrkja ei tilnærma åttekanta form! Søyler og små glasruter høgt opp i veggane i hovudskipet minnar om stavkyrkjene. Kyrkja er lafta opp til takhøgda på koret, resten er i reisverk og ståande innvendig panel.

Under kyrkjegolvet og på galleriet er det restar etter rosemalte/ dekorerte bjelkar/ tømmer som har vore synleg i 1600-talskyrkja. Samnanger kyrkje er omfatta av kyrkerundskrivet og må betraktast som freda.

Kyrkja er godt beskrive i "Samnanger kyrkje gjennom tidene" (Haukanes, 2001).

### Paviljongen på Bjørkheim

Som ein del av Bergen arkitektforeining sitt 100 årsjubileum i 2008 vart det beslutta å byggje ein paviljong i Byparken i Bergen. Den skulle vera ein fysisk manifestasjon av Bergensarkitektene sitt virke

gjennom hundre år. Paviljongen skulle ha potensiale for ei fornuftig etterbruk. Den måtte difor vera modulbasert og kunne verte demontert og remontert i ein annan samanheng og på ein annan stad.

Samnanger fekk ilag med mange kommunar tilbod om å kjøpa paviljongen. Kommunen synast den hadde eit moderne uttrykk som kunne virke oppsiktvekkande og vera interessant å plassera i Samnanger. Arkitektforeininga likte ideen om å integrera bygget inn i ein type urban torgkontekst på Bjørkheim. Det gjer paviljongen meir levande og gjev den ein praktisk, integrert og funksjonell rolle. Mogleg dette og kan vera ei "vitaminpille" for eit kort stopp i forbifarten eller staden for ein kvil og ettertanke.

### Tusenårsparken

Ytre-Tysse vart i samband med overgangen til år 2000 valt til å vera Samnanger kommune sin tusenårsstad, og difor har ein laga den vesle parken. Ideen bak utforminga av parken er dei rikelege nedbørsmengdene over Samnanger, grunnlaget for kraftproduksjon og etablering av kraftkrevjande industri.

Vassdropen og virvelstraumen er utgangspunktet for forma parken har. Parken har ein installasjon med lydar frå

Samnanger i dag. Eilert Tøsse

har omforma samtalar av gamle, unge og tilflytta samningar, saman med andre lydar frå Samnanger, til komposisjonen – Samn. Tusenårsparken er utgangspunktet for ein kultursti rundt Ytre-Tysse over Tyssereinane.



Bilde 12 – Tusenårsparken. Foto: Inge Aasgaard

### Jonastova

Gardshus frå midten av 1800-talet. Den eldste delen skal skriva seg frå 1500-talet. Jonastova er eit verdfullt anlegg i seg sjølv, men òg fordi at Tysse er tusenårsstaden til Samnanger.

Jonastova har ikkje vorte dokumentert i arbeidet me har gjort i 2011/2012.

### Smia på Reistad

Smia står i Ugjerdet og er truleg frå tidleg i 1930-år. Smia var i bruk til etter krigen. Som berande konstruksjon er det brukt ei blanding av standarverk og grindverk. Det ser ut som bygningen treng ein del vedlikehald på tak og ytterveggane. I smia står det igjen ein del utstyr.

### Fellesløe på Ytre-Tysse

Løa er grindbygd med alderdomleg grinskonsruksjon og er felles for to bruk på Ytre-Tysse. I kvar sin ende av løa har bruka kvar sin tømra flor. Tømmeret og novene i tømmarflorane ber preg av å vera gamle, gjerne bygd før 1800-talet.

Løa er delt etter midten med ein vegg av gamle bord som går frå golv til tak, Slike deleveggar var meir vanleg i løer og utløer før utskiftingane, då løene kunne vera fellesige mellom to bruk.

### Naust/naustmiljø på Ytre-Tysse

På Ytre-Tysse, ved Barmen, ligg eit fint lite sjøbruksmiljø med eit stort steinnaust, ei fin stø og kai som har høyrd til en jekteskippar på bruket. Området er autentisk med gamal veg ned til sjøen og ei stor gammal løe opp ved hovudvegen. Våningshuset er sett i stand i gammal stil.

## 9.2 Krigsminne

Me er i eit skilje i korleis me formidlar krigshistoria. Den generasjonen som var aktive under krigen dør ut, og det vert viktigare å ta vare på dei spora som krigen sette. I Samnanger har me nokre krigsminne som var viktig for den lokale motstandskampen.

### Botnahytta

Botnahytta vart bygd i 1942 og husa canadiske pilotar i to veker under andre verdskrig. Det har tidlegare vore forsøk på å verna denne hytta. Fylkeskonservatoren i Hordaland har tidlegare uttalt at hytta er verneverdig. Hytta er no i dåleg forfatning og må plukkast ned og restaurerast dersom den skal bevarast for framtida.



Det er på nytt kome eit initiativ til å bevare hytta. Ei gruppe personar ynskjer å restaurere hytta, men slik som saka står i dag, så vil den ikkje verta satt opp på sin opphavlege stad. Samnanger kommune meiner at opplevingsverdiane vil verta redusert med å flytta hytta. Samnanger kommune må vurdera dei verkemidla som ein kommune har gjennom aktuelle lovverk for å bevare hytta.

### Kanonstilling ved Fossen bratte

Ved toppen av Fossen bratte er det ein kanonstilling etter krigen. Det er reist ein bautastein der og det står en kanon samt eit infoskilt om kva som skjedde der. Det er òg sett opp ei minneplate der tre skyttarlagsfolk mista livet.

### Hòler og tunellar etter krigen (Tyskarhòler)

I Samnanger finst hòler og tunellar frå krigen på Ådland, Opheim og Tysse. Desse vart lagd av tyskarane under krigen som tilfluktsrom og angrepssposisjonar.

## 9.3 Kulturminne i utmark

### Gamle driftsvegar gjennom Samnanger

Me har nokre gamle driftsvegar som går til Samnanger frå Bergen og nokre som går igjennom Samnanger frå Bergen til Hardanger.

Driftsvegen frå Våga til Bergen er i dag merka som tursti med internasjonal merking og er godt kjend i Samnanger. På 80-talet vart dei fyrste metrane lagd om til grusveg i samband med ei militærøving. Den gamle by- og driftsvegen har gjennom mange hundre år vore viktig for samningane, og såleis er han i dag eit viktig kulturminne for Samnanger.

I elva langs vegen er det planlagt ei kraftverk.

Frå Tysse, gjennom Frølandsdalen og vidare over Kvamskogen til Hardangar har det vore ferdsle frå gamalt. I 1860 løyvde heradstyre pengar til bruer over elva ved Mørkhølen og ved Rossebotn nedenfor Storlid. Restar av den gamle vegen er enno synleg på austsida av elva mellom Frøland og Mørkhølen, og ved Rossebotn. Kjøreveg frå Tysse over Kvamskogen til Norheimsund var ferdig i 1906. Vegen opna òg for turistferdsle. Særleg i 1920-åra var det stor trafikk av engelske og hollandske turistskip på Samnangerfjorden. Passasjerane vart sett i land på Tysse og fekk hesteskyss over Kvamskogen til Norheimsund, der skipa henta dei att.

### Gamle militærvegar gjennom Samnanger

Det går ein militærveg opp fjellsida frå Trengereid og over til Haugsdal i Bergen. Vegen vart bygd i 1920 og skulle binda saman militærvegen frå Voss til Småbrekke i Vaksdal, vidare til Kvitingen i Samnanger og så vidare Trengereid, over Brekkedalen, ned til Kalandsvatnet og til militærbasen Ulven i Os.

Her står det att å dokumentera kulturminne langs vegen og historikken til vegen.

### Klebersteinbrot

Samnanger er rik på kleberstein og me har fleire klebersteinsbrot. Det eldste kjende klebersteinsbrotet er under Buhilderen. Aktivitet her har vorte datert tilbake 1500 år. Det mest kjende i seinare tid er at stein frå Samnanger vart brukt i restaureringa av Nidarosdomen, og at statuen av jomfru Maria er laga i Stein frå Fagerbotnen i Trengereidfjorden.

### Nordvikasetret

Seterbua på Nordvikasetret har høg kunnskapsverdi, så vel bygningshistorisk og sosialhistorisk, som næringshistorisk. Bua vart bygd i 1886 og har stått uendra frå ho vart sett opp. Det er ikkje mange av desse seterbuene igjen i Samnanger, og Nordvikasetret er den einaste med skot i naturstein.

Frå gamalt av har det vore tradisjon å samlast på setervollen på Nordvikasetret som sumaren. Det er vore dans på seterbakken, og ein sundag i juli/august har det vore religiøst møte i over hundre år. Det er framleis setermøte i månadsskiftet juli-august på Nordvikasetret.

### Husmannsplassruiner

Husmannsplassruinane på Ospekleiva og Bruabotn er dei mest kjende i Samnanger. Ospekleiva var husmannsplass frå 1833 til 1914, mens i Bruabotn har det vore busetting frå om lag 1785 til 1958.

Desse har ikkje vorte dokumentert i registreringsarbeidet me har hatt i samband med planarbeidet.

### Torvtaking

I utmarka til Hisdal gardnummer 9 og 10 ligg Storemyra. I sørrenden av myra vart det spadd opp torv i relativt store mengder. Desse vart stabla på høgkant til tørking eit lite stykka derfrå. Etter ei stund vart torva teken inn i Torvhuset og tørka vidare. Ut på vinteren vart torva drege heim med slede og brukta som ved i omnen. Det vart slutt på dette på slutten av 30-talet.

Torvuttaket er godt synleg i dag. Det er ikkje trygt å gå heilt inntil torvuttaket fordi det er svært blautt. Det einaste som er igjen av torvhuset er steinane i grunnmuren. Det er ikkje andre kjende torvuttak i Samnanger.

### Utløper

Utmarksnæringa har vore svært viktig for innbyggjarane i Samnanger. Det står tre utløper ved Totræna som er lett tilgjengelege for publikum langs vegen til lysløypa. Dei bør vurderast for verning.

## 9.4 Lause kulturminne

Det finst mange lause kulturminne rundt i heima i Samnanger. Me har i 2011 og 2012 registrert lause kulturminne på kulturminnetreff som ungdoms- og grenadalaga har skipa til. Dei enkelte lause kulturminna vil ikkje verta omtala i planen.

I tillegg til dei kulturminna som finst i heimane, finst det òg to store samlingar. Det er samlingane til Tomas Nordviks stiftelse og familien Nygård. Tomas Nordviks stiftelse har starta å registrera alle kulturminna, og det er eit stort arbeid.



Bilde 14 – Treskjering. Foto: Samnanger kommune/ Arne Høyland

Med dei store samlingane kjem det og nokre utfordringar knytt til bevaringa. Før dei pakka ned for lagring, må dei frysast for å verta kvitt alle skadedyr. Det er tidkrevjande og kostbart. I neste omgang treng ein eit eigna lokale. Per i dag har me ikkje noko eigna lokale. Tomas Nordviks stiftelse har fått løyve til å lagra kulturminne på Vassloppa barnehage.

Det er registrert ein del private samlingar av lause kulturminne i Samnanger i 2011 – 2012 med mellom anna ski, slede- og ein skikkelketype som ser ut til å vera unik for Samnanger. Slede- og skikkelkotypane kan vera spesielt utvikla for å transportere høy frå utmarksslåttene.

## 10 Lokale kulturvariantar

### 10.1 Musikk, song og dans

Vert innarbeida innan kort tid

### 10.2 Stadnamn

Vert innarbeida innan kort tid

### 10.3 Seger

Vert innarbeida innan kort tid

### 10.4 Skikkar

Vert innarbeida innan kort tid

## 11 Korleis tek me vare på kulturminna

Samnanger kommune har ikkje hatt ein plan for kulturminne tidlegare. Denne planen vil vera eit løft for kulturminnevernet i Samnanger. Gjennom registreringsarbeidet me har hatt i forkant av planen har me klart å auke bevisstheita for kulturminne i Samnanger.

### 11.1 I planperioden

Dei aller fleste kulturminna i Samnanger er i privat eige, og sjølv om det er eigar sitt ansvar å vedlikehalde eigen eigedom er Samnanger kommune høve til å vera meir aktive enn me har vore. Me har kvart år ein pengesum til fordeling og me har innarbeida tilskot til kulturminne i retningslinene for tildeling av kulturmiddlar.

Kommunen har ikkje vedtaksmynnde i fredingssaker, men me har høve til å nytta oss av plan- og bygningslovas §12-5 andre ledd nummer 5 og §12-7 nummer 6. Ved å nytta desse paragrafane, regulerar me området til omsynssone bevaring. Ved neste rullering av kommuneplanens arealdel må me vurdera om det er område i Samnanger som bør bandleggjast. I fyrste omgang vil det vera dei kjente kulturminna som Notaholmen, Botnahytta, eigedommen til Tomas Martin Nordvik stiftlse og Treskoverkstaden. Det kan også vera aktuelt å vurdera om me skal starta fredingsprosess på nokre av kulturminna.

Me har framleis eit behov for å registrera kulturminne og å systematisere dei registreringane me har gjort. Når me har systematisert registreringane må dei ulike einingane i kommunen nytta dei. Det er spesielt i samband med søknadar til Teknisk eining.

### 11.2 Kvifor lokalt arkiv og oppbevaring

I dag har me ikkje eit lokalt arkiv eller lokal oppbevaring av lause kulturminne. I kulturplan for Samnanger kommune er opprettning av eit lokale for oppbevaring av historisk materiale lista opp som eit tiltak som bør prioriterast. Lokalet har ikkje vorte oppretta.

Me har eit ansvar for dei som veks opp i dag og dei som skal vekse opp i framtida å ta vare på historiske gjenstandar. Dersom me ikkje har eit eigna lokale der gjenstandane er lagra på ein forsvarleg måte, er det ein fare for at kulturminna kan gå tapt. Alternativet er at gjenstandane vert sende ut or kommunen.

Dersom gjenstandane vert sendt ut av kommunen, vil me som lokalsamfunn mista ein viktig del av historia vår. Me kan og mista engasjementet hos innbyggjarane. Gjennom å ta vare på gjenstandane lokalt, kan me i stor grad bruka dei i opplæring og oppleving. Det er viktig at me som lokalsamfunn tek vare på vår eigen historie.

Drifta av eit lokalt arkiv og lokal oppbevaring av lause kulturminne må skje i samarbeid med dei organisasjonar i kommunen som har lokal historie som interessefelt. Samnanger historielag og Tomas Nordviks stiftelse vil vera naturlege samarbeidspartnarar.

Opprettinga av eit slik lokale kan sjåast i samanheng med nytt bibliotek og fleirbrukshall.

### 11.3 Handlingsprogram

For å sikra at arbeidet med kulturminnevern har ei framdrift, har me utarbeida eit handlingsprogram. Handlingsprogrammet skal rullerast kvart fjerde år.

| Tiltak   | Sikring av Botnahytta  |
|----------|--|
| Bakgrunn | Botnahytta har eit behov for restaurering og må plukkast ned. Samnanger kommune ynskjer at hytta skal stå der ho står i dag. |
| Ansvar   | Kommunestyre   |
| Korleis  | Regulera området rundt hytta til omsynssone bevaring i neste rulling av kommuneplanen.                                       |

| Tiltak   | Sikring av Notaholmen   |
|----------|---|
| Bakgrunn | Notaholmen er eit signalbygg for Samnanger.   |
| Ansvar   | Kommunestyre  |
| Korleis  | Regulera området rundt holmen til omsynssone bevaring i neste rulling av kommuneplanen. |

| Tiltak   | Sikring av Treskoverkstaden   |
|----------|---|
| Bakgrunn | Treskoverkstaden står i dag slik den vart forlaten den dagen dei sluttar med produksjonen. Treskoverkstaden bør vurderast som eit regionalt og nasjonalt verneverdig teknisk kulturminne. |
| Ansvar   | Kommunestyre  |
| Korleis  | Regulera området rundt verkstaden til omsynssone bevaring i neste rulling av kommuneplanen.   |

| Tiltak   | Sikring av brakeløe i Eikedalen                                    |
|----------|--|
| Bakgrunn | Bygningen bør inn på lista som verneverdige bygningar i Samnanger. |
| Ansvar   | Kommunestyre   |

|         |  |
|---------|--|
| Korleis |  |
|---------|--|

|               |   |
|---------------|---|
| <b>Tiltak</b> | <b>Systematisera registreringa av kulturminne</b> |
| Bakgrunn      |   |
| Ansvar        | Eining for kultur                                 |
| Korleis       |   |

|               |  |
|---------------|--|
| <b>Tiltak</b> | <b>Kartfesta dei ulike bygningstypane</b>                          |
| Bakgrunn      | For å få betre oversikt skal me kartfesta dei ulike bygningstypane |
| Ansvar        | Eining for kultur  |
| Korleis       |  |

|               |   |
|---------------|---|
| <b>Tiltak</b> | <b>Sikre og restaurera SAFA-pipa</b>  |
| Bakgrunn      | Safa-pipa er eit viktig kulturminne og står som eit monument over den aktiviteten som ein gong var på Tysse. Den er eit viktig symbol for Samnanger og ein del av kulturmiljøet på Tysse. |
| Ansvar        | SAFA  |
| Korleis       |   |

|               |  |
|---------------|--|
| <b>Tiltak</b> | <b>Auke formidlinga av kulturminna me har i Samnanger</b>  |
| Bakgrunn      |  |
| Ansvar        | Eining for kultur  |
| Korleis       | Fast utstilling, nytta lokalhistorie i skulen, gjera kulturminneregistreringane lett tilgjenglege. |

|               |   |
|---------------|---|
| <b>Tiltak</b> | <b>Oppretta eit lokalt magasin for oppbevaring av lause kulturminne</b> |
| Bakgrunn      |   |
| Ansvar        |   |
| Korleis       | Det bør vurderast i framtidig fleir brukshall.                          |

|               |   |
|---------------|---|
| <b>Tiltak</b> | <b>Skilting av torvuttaket på gard 9 og 10 i Hisdal</b> |
| Bakgrunn      |   |
| Ansvar        | Eining for kultur                                       |
| Korleis       |   |

|               |   |
|---------------|---|
| <b>Tiltak</b> | <b>Stolpane skulehus - avklaring av bruk for framtida</b> |
| Bakgrunn      |   |
| Ansvar        | Utval for oppvekst og omsorg/ Eining for kultur           |
| Korleis       |   |

|               |   |
|---------------|---|
| <b>Tiltak</b> | <b>Utgreiing av Samnanger museum – ein paraply for bygningar og samlingar i Samnanger</b> |
|---------------|---|

|          |                   |
|----------|-------------------|
| Bakgrunn |                   |
| Ansvar   | Eining for kultur |
| Korleis  |                   |

## 12 Arkiv, bibliotek og museum (AMB)

Samnanger kommune manglar magasin til sikring av både materielle og immaterielle kulturminne. Dette står høgt på prioriteringslista i kulturplanen til kommunen. Det er heller ikkje etablert noko offentleg museum i kommunen, men me har eit privat museum, Antons kulturhistoriske senter.

Når ein seier at dagleg bruk er den beste måten å vedlikehalde bygningar på, så er lett tilgang til informasjon den beste måten å formidla historie. Skal me lukkast med å ta vare på det gamle, må me lukkast med formidlinga. Med god formidling kan me bevisstgjera kor viktig det er å ta vare kulturminna våre.

### 12.1 Arkiv, bibliotek og museum

I arbeidet med registrering av kulturminne det siste året, har det kome fram eit ynskje om å etablere eit digitalt arkiv. Fordelane med eit digitalt arkiv er at det vert lett tilgjengeleg for dei som har interesse av det. Me vil òg ha digitale bilete og ei skildring av gjenstanden dersom den går tapt. Eit digitalt arkiv vil vera arbeidskrevjande å etablera, men den daglege drifta og vedlikehaldet treng ikkje vera ressurskrevjande.

Per i dag er ikkje biblioteket ein egna stad for formidling av kulturminne. Me har ei samling med lokalhistorisk litteratur, men biblioteklokalra er tronge og ikkje universelt utforma, så det er vanskeleg å gjera mykje ut av samlinga. Dersom me får nye biblioteklokale, kan kulturminne og lokalhistorie verta eit satsingsområde. Biblioteket kan verta ein naturleg møtestad for dei som er interessert i kulturminne og lokalhistorie.

Me bør undersøka mogelegheitene med å oppretta eit museum i Samnanger. Det finst gode museumskonsept me kan ta del i. Alternativet er at me tek del i eit større regionalt museum.

### 12.2 Formidling

Formidling av kunnskap om kulturen og kulturminna har høg prioritet hos antikvariske mynde. I stortingsmeldinga: *"Leve med kulturminner"* står det at kulturminnekunnskapen skal styrkast: *"gjennom forbedret stedfestet informasjon om kulturminner og bidra til at kunnskap og opplevelse knyttet til kulturminner og kulturmiljøer skal være tilgjengelig for alle. Musea har en viktig rolle her."*

(Stortingsmelding nr. 16 (2004-2005) s. 15)

Dersom me opprettar eit digitalt arkiv er vegen til eit lokalt wikipedia eller eit kulturminneleksikon kort. Eit wikipedia krev at brukarane produserar innhaldet, mens i eit digitalt arkiv er det utnemnde arkivarar. I wikipediaet må nokon kontrollere det som vert produsert. Det krev god kunnskap frå kontrolløren og

kan krevje ein del ressursar. Eit kulturminneleksikon kan vera ei spegling av eit digitalt arkiv, òg treng derfor ikkje å vera ressurskrevjande.

Det viktigaste er at materiellet og kunnskapen me har vert tilgjengeleg, og å bruka verdsveven er den lettaste løysninga. Det vanskelegaste med å bruka verdsveven er å gjera informasjonen søkbar og oversiktleg. Med å involvera elevar og studentar i utvikling av formidlingsprodukt, kan dei få styrka eigarskapen til kulturminna.

Det kan gjennomførast temabaserte registreringar i alle grendene i kommunen der laga seinare kan låna ting til ein utstilling om den kommunale variasjonen og mangfaldet. Slike temautstillingar kan òg gå som vandreutstillingar i grendene. Dette arbeidet kan òg skulane vera med på.

I tillegg til lokalitetar for gjenstandssamlingar og formidling i grendene, vil det vera naudsynt med eit sentralt magasin og formidlingsarena i kommunen. Det kan sjåast saman med eit nytt bibliotek og fleirbrukskall.

Me bør i tillegg leggja opp til formidling av eit utval av faste kulturminne. Dei faste kulturminna me skal bruka, bør vera knytt med lokalhistorie som er viktig, representativ og/eller unik for Samnanger.

Når me formidlar kunnskapen om kulturminna, må me vurdera kven me formidlar til. Det som fengar den vaksne generasjon, fengar kanskje ikkje den oppveksande generasjon. Me bør ha eit spesielt fokus på formidling til born og unge, og me bør gjera det på deira premissar. For born kan det til dømes leggjast opp til forteljingar, mens for unge bør ein vurdera om ein skal nytta moderne teknologiar. Den oppveksande generasjon er storforbrukarar av teknologi, og er vane med interaktivitet. I formidlinga til innbyggjarane er det viktig at me klarar å skapa eit eigarskap til kulturminna og til lokalhistoria.

## 13 Kjelder

Aadland, Ivar Bård (2007) *Samnanger kommune 1907-2007*. Samnanger kommune, Øystese trykkeri AS

Aadland, Svein O. (2002) *Ådland. Folk og hendingar*. Åsane Grafiske Senter AS

BKK (2012) *Frøland – historia*. [http://www.bkk.no/om\\_oss/anlegg-utbygging/froland/article35309.ece](http://www.bkk.no/om_oss/anlegg-utbygging/froland/article35309.ece)  
lasta ned 08.11.2012

Brekke, Nils Georg (Red) (1993) *Kulturhistoriskvegbok Hordaland*. Nord 4 Vestkyst. Bergen

Haukanes, Britt (2001) *Samnanger kyrkje gjennom tidene. Laga til kyrkja på Ådland sitt 150-årsjubileum i 2001*. Geo grafisk A.S. Bergen

Samnanger historielag (2000-2008) *Gamle dagar i Samnanger. Årbok*.

Skaar, Ronny (1989) *Kulturminne i Aldalsvassdraget. Bergen lysverker sitt forprosjekt for kraftverksutbygging. Konsekvensanalyse ved Fylkeskonservatoren i Hordaland*. Bergen

Kulturminnekompagniet (2007) *Gamle hus nå og da. Status for SEFRAK-registrete bygningar. Samnanger kommune. Hordaland fylke 2004*. Allkopi, Oslo

Lokalhistoriewiki (2012) *Samnanger kommune*. <http://lokalhistoriewiki.no/index.php/Samnanger> lasta ned 21.08.2012

RA (Riksantikvaren) (2012) *Ordforklaringar*.

[http://www.riksantikvaren.no/Norsk/Veiledning/Ordforklaringer\\_nynorsk/](http://www.riksantikvaren.no/Norsk/Veiledning/Ordforklaringer_nynorsk/) . Lasta ned 27.06.2012

## 14 Vedlegg

### Registrete kulturminne i Samnanger, registret i 2011-2012.

#### SOLBJØRG

| Gnr. | Bnr. | Kva                       | Kartreferanse             | Merknad |
|------|------|---------------------------|---------------------------|---------|
| 1    | 3    | Botnahytta, krigsminne    | 60 17'56,3"N 05 35'05,9"Ø |         |
| 1    | 4    | Løa                       | 60 17'48,9"N 05 36'59,4"Ø |         |
| 1    | 4    | Våningshus                | 60 17'46,0"N 05 37'00,1"Ø |         |
| 1    | 4    | Fortøyingsring, jektefart | 60 17'47,5"N 05 37'09,2"Ø |         |
| 1    | 5    | Løe-ruin                  | 60 17'52,5"N 05 37'06,6"Ø |         |
| 1    | 5    | Naust                     | 60 17'52,8"N 05 37'09,6"Ø |         |
| 1    | 5    | Liten flor/stall          | 60 17'52,5"N 05 37'05,7"Ø |         |
| 1    | 5    | Våningshus, lemstove      | 60 17'52,8"N 05 37'06,2"Ø |         |
| 1    | 6    | Løa                       | 60 17'40,6"N 05 37'02,5"Ø |         |
| 1    | 6    | Våningshus, lemstove      | 60 17'39,6"N 05 37'01,7"Ø |         |

#### ROLVSVÅG

| Gnr. | Bnr. | Kva                | Kartreferanse             | Merknad          |
|------|------|--------------------|---------------------------|------------------|
| 2    | 3    | Løa                | 60 19'22,3"N 05 37'16,7"Ø |                  |
| 2    | 3    | Våningshus         | 60 19'22,4"N 05 37'14,7"Ø |                  |
| 2    | 5    | Rolvsvåg skulehus  | 60 19'12,7"N 05 37'19,9"Ø |                  |
| 2    | 17   | Våningshus         | 60 19'16,1"N 05 37'23,1"Ø |                  |
| 2    | 18   | Våningshus         | 60 19'11,5"N 05 37'32,2"Ø |                  |
| 2    | 18   | Geithus            | 60 19'10,2"N 05 37'33,5"Ø |                  |
| 2    | 21   | Løa                | 60 19'17,8"N 05 37'22,4"Ø | I kommunal eiga  |
| 2    | 25   | Steinmur/husgrunn? | 60 19'08,0"N 05 37'38,3"Ø | Usikker posisjon |

#### VÅGA

| Gnr. | Bnr. | Kva                                     | Kartreferanse             | Merknad |
|------|------|---|---------------------------|---------|
| 3    |      | Gamal by- driftsveg frå Våga til Bergen | 60 19'44,7"N 05 36'49,2"Ø |         |
| 3    | 2    | Sagbruk, kasse og tynneproduksjon       | 60 20'53,8"N 05 38'25,8"Ø |         |
| 3    | 9    | Heimaløe                                | 60 20'24,3"N 05 37'51,8"Ø |         |
| 3    | 9    | Gamalt eldhus                           | 60 20'17,2"N 05 37'51,8"Ø |         |
| 3    | 9    | Naust                                   | 60 20'15,7"N 05 37'53,3"Ø |         |
| 3    | 31   | Nothus bygd i byrjinga av 1900-talet    | 60 20'24,6"N 05 38'09,2"Ø |         |

#### TRENGERREID

| Gnr. | Bnr. | Kva        | Kartreferanse             | Merknad |
|------|------|------------|---------------------------|---------|
| 4    | 4    | Naust      | 60 22'28,5"N 05 39'05,5"Ø |         |
| 4    | 4    | Heimaløa   | 60 22'34,3"N 05 39'05,5"Ø |         |
| 4    | 4    | Våningshus | 60 22'34,3"N 05 39'05,4"Ø |         |

*Kommunedelplan for kulturminne 2012-2020*

|          |           |   |                           |
|----------|-----------|---|---------------------------|
| <b>4</b> | <b>4</b>  | By- og militærveg frå Trengereid-Bergen | 60 21'38,2"N 05 37'54,4"Ø |
| <b>4</b> | <b>11</b> | Snikkarverkstad                         | 60 22'26,8"N 05 38'50,8"Ø |
| <b>4</b> | <b>11</b> | Utskipingskai for kleberstein           | 60 22'18,5"N 05 38'46,6"Ø |

**HAUGEN**

| Gnr.     | Bnr.     | Kva        | Kartreferanse             | Merknad |
|----------|----------|------------|---------------------------|---------|
| <b>7</b> | <b>2</b> | Løa        | 60 23'33,6"N 05 40'35,5"Ø |         |
| <b>7</b> | <b>2</b> | Våningshus | 60 23'34,4"N 05 40'36,2"Ø |         |
| <b>7</b> | <b>6</b> | Våningshus | 60 23'35,2"N 05 40'36,4"Ø |         |

**HISDALEN MIDTRE**

| Gnr.     | Bnr.     | Kva | Kartreferanse             | Merknad |
|----------|----------|-----|---------------------------|---------|
| <b>9</b> | <b>3</b> | Løa | 60 23'48,5"N 05 40'37,2"Ø |         |

**HISDALEN INDRE**

| Gnr.      | Bnr.     | Kva   | Kartreferanse             | Merknad |
|-----------|----------|-------|---------------------------|---------|
| <b>10</b> | <b>1</b> | Løa   | 60 23'56,4"N 05 40'55,9"Ø |         |
| <b>10</b> | <b>1</b> | Uthus | 60 23'56,6"N 05 40'56,6"Ø |         |
| <b>10</b> | <b>4</b> | Løa   | 60 23'53,2"N 05 40'53,8"Ø |         |
| <b>10</b> | <b>4</b> | Uthus | 60 23'54,1"N 05 40'53,0"Ø |         |

**NEDRE KVERNES**

| Gnr.      | Bnr.       | Kva      | Kartreferanse             | Merknad |
|-----------|------------|----------|---------------------------|---------|
| <b>15</b> | <b>2-3</b> | Heimaløa | 60 22'33,1"N 05 41'37,8"Ø |         |

**ØVRE KVERNES**

| Gnr.      | Bnr.     | Kva                           | Kartreferanse             | Merknad          |
|-----------|----------|-------------------------------|---------------------------|------------------|
| <b>16</b> | <b>1</b> | Steinbrot                     | 60 22'33,3"N 05 41'54,1"Ø | Usikker posisjon |
| <b>16</b> | <b>1</b> | Prestevegen                   | 60 22'40,2"N 05 42'25,9"Ø |                  |
| <b>16</b> | <b>1</b> | Stemmegard                    | 60 22'42,4"N 05 42'23,6"Ø | Usikker posisjon |
| <b>16</b> | <b>1</b> | Hellenaust                    | 60 22'28,9"N 05 42'15,5"Ø |                  |
| <b>16</b> | <b>1</b> | Husmannsplass, husgrunnar m.m | 60 22'31,2"N 05 41'57,1"Ø | Usikker posisjon |
| <b>16</b> | <b>4</b> | Heimaløa                      | 60 22'38,1"N 05 41'50,8"Ø |                  |
| <b>16</b> | <b>4</b> | Våningshus                    | 60 22'37,0"N 05 41'50,7"Ø | Det eldste       |
| <b>16</b> | <b>4</b> | Våningshus                    | 60 22'36,4"N 05 41'50,9"Ø | Det yngste       |
| <b>16</b> | <b>4</b> | Grytebrot kleberstein         | 60 22'40,6"N 05 41'57,1"Ø | Usikker posisjon |

**ÅDLAND**

| Gnr.      | Bnr.     | Kva              | Kartreferanse             | Merknad |
|-----------|----------|------------------|---------------------------|---------|
| <b>17</b> | <b>6</b> | Samnanger kyrkje | 60 23'58,9"N 05 42'39,0"Ø |         |

**REISTAD**

Kommunedelplan for kulturminne 2012-2020

| Gnr. | Bnr.  | Kva                          | Kartreferanse             | Merknad |
|------|-------|------------------------------|---------------------------|---------|
| 18   | 1     | Løa                          | 60 24'34,1"N 05 43'45,2"Ø |         |
| 18   | 1     | Kvernhus                     | 60 24'30,7"N 05 43'39,6"Ø |         |
| 18   | 7     | Smia                         | 60 24'24,0"N 05 43'36,1"Ø |         |
| 18   | 7     | Treskoverkstad               | 60 24'21,1"N 05 43'38,9"Ø |         |
| 18   | 17,18 | Notaholmen                   | 60 24'09,9"N 05 43'09,5"Ø |         |
| 18   | 21    | Notaholmen                   | 60 24'09,9"N 05 43'09,5"Ø |         |
| 18   | 22    | Naust                        | 60 24'09,9"N 05 43'09,5"Ø |         |
| 18   | 123   | Samnanger Mineralvandfabrikk | 60 24'15,8"N 05 43'26,8"Ø |         |
| 18   | 140   | Stolpane skulehus            | 60 24'23,2"N 05 43'16,6"Ø |         |

NORDVIKA

| Gnr. | Bnr. | Kva             | Kartreferanse             | Merknad |
|------|------|-----------------|---------------------------|---------|
| 19   | 1    | Rotstova med bu | 60 24'46,7"N 05 44'03,2"Ø |         |
| 19   | 1    | Løa             | 60 24'45,6"N 05 44'01,5"Ø |         |
| 19   | 1    | Våningshus      | 60 24'56,4"N 05 44'02,7"Ø |         |
| 19   | 6    | Heimaløa        | 60 24'50,1"N 05 43'59,6"Ø |         |
| 19   | 6    | Våningshus      | 60 24'48,9"N 05 44'00,6"Ø |         |

STEINTVEIT

| Gnr. | Bnr. | Kva              | Kartreferanse             | Merknad |
|------|------|------------------|---------------------------|---------|
| 20   | 2    | Løa              | 60 25'06,2"N 05 45'18,3"Ø |         |
| 20   | 2    | Vaskehus         | 60 25'05,5"N 05 45'20,8"Ø |         |
| 20   | 2    | Kårhus           | 60 25'06,1"N 05 45'19,2"Ø |         |
| 20   | 4    | Heimaløa         | 60 24'36,9"N 05 44'16,6"Ø |         |
| 20   | 4    | Våningshus       | 60 24'38,2"N 05 44'16,5"Ø |         |
| 20   | 7    | Kvernhus         | 60 25'15,5"N 05 45'25,7"Ø |         |
| 20   | 9    | Våningshus/hytte | 60 25'18,2"N 05 45'17,4"Ø |         |

RØDNE

| Gnr. | Bnr. | Kva                       | Kartreferanse             | Merknad |
|------|------|---------------------------|---------------------------|---------|
| 21   | 4    | Løa med rotstova til flor | 60 24'10,4"N 05 44'02,0"Ø |         |
| 21   | 4    | Våningshus                | 60 24'10,4"N 05 43'59,7"Ø |         |

LAUSKAR

| Gnr. | Bnr. | Kva                  | Kartreferanse             | Merknad |
|------|------|----------------------|---------------------------|---------|
| 22   | 1,17 | Rotstova             | 60 24'05,6"N 05 44'34,4"Ø |         |
| 22   | 1,17 | Vetlastova, grunnmur | 60 24'05,3"N 05 44'34,4"Ø |         |
| 22   | 1,17 | Eldhus               | 60 24'05,6"N 05 44'33,0"Ø |         |

GJERDE

| Gnr. | Bnr. | Kva | Kartreferanse | Merknad |
|------|------|-----|---------------|---------|
|------|------|-----|---------------|---------|

*Kommunedelplan for kulturminne 2012-2020*

|           |            |                    |                                  |
|-----------|------------|--------------------|----------------------------------|
| <b>24</b> | <b>273</b> | Løa med tømra flor | <b>60 23'45,1"N 05 46'09,5"Ø</b> |
|-----------|------------|--------------------|----------------------------------|

**STEINSLAND**

| Gnr.      | Bnr. | Kva        | Kartreferanse                    | Merknad |
|-----------|------|------------|----------------------------------|---------|
| <b>25</b> | 5    | Løa        | <b>60 23'20,8"N 05 46'15,5"Ø</b> |         |
| <b>25</b> | 5    | Våningshus | <b>60 23'19,8"N 05 46'15,1"Ø</b> |         |

**TVEITARÅS**

| Gnr.      | Bnr. | Kva   | Kartreferanse                    | Merknad |
|-----------|------|-------|----------------------------------|---------|
| <b>28</b> | 3    | Utløe | <b>60 25'01,7"N 05 46'59,2"Ø</b> |         |

**TVEIT**

| Gnr.      | Bnr. | Kva                      | Kartreferanse                    | Merknad |
|-----------|------|--------------------------|----------------------------------|---------|
| <b>29</b> | 1    | Våningshus               | <b>60 24'09,6"N 05 47'21,1"Ø</b> |         |
| <b>29</b> | 1    | Løa                      | <b>60 24'11,6"N 05 47'20,9"Ø</b> |         |
| <b>29</b> | 2    | Utløe                    | <b>60 24'58,5"N 05 47'03,3"Ø</b> |         |
| <b>29</b> | 6    | Felles utløe med orgaved | <b>60 24'54,4"N 05 47'10,4"Ø</b> |         |

**LANGELAND**

| Gnr.      | Bnr. | Kva                             | Kartreferanse                    | Merknad |
|-----------|------|---------------------------------|----------------------------------|---------|
| <b>30</b> | ?    | Sagbruk                         | <b>60 24'34,6"N 05 47'26,3"Ø</b> |         |
| <b>30</b> | 1    | Løa                             | <b>60 24'11,1"N 05 47'38,5"Ø</b> |         |
| <b>30</b> | 2-3  | Kvernhus (Fiske)                | <b>60 25'30,0"N 05 49'23,6"Ø</b> |         |
| <b>30</b> | 2-3  | Våningshus (Fiske)              | <b>60 25'28,4"N 05 49'14,3"Ø</b> |         |
| <b>30</b> | 2-3  | Løa (Fiske)                     | <b>60 25'28,6"N 05 49'15,8"Ø</b> |         |
| <b>30</b> | 4    | Brøyttestasjon/brøytebilgarasje | <b>60 24'37,1"N 05 47'31,1"Ø</b> |         |
| <b>30</b> | 23   | Ungdomshus/arbeidsbrakke        | <b>60 24'15,8"N 05 47'29,5"Ø</b> |         |

**GRØNSDALEN**

| Gnr.      | Bnr. | Kva                   | Kartreferanse                    | Merknad |
|-----------|------|-----------------------|----------------------------------|---------|
| <b>31</b> | 2    | Løa                   | <b>60 26'35,7"N 05 51'57,2"Ø</b> |         |
| <b>31</b> | 2    | Nyare våningshus      | <b>60 26'35,0"N 05 51'53,4"Ø</b> |         |
| <b>31</b> | 4,20 | Løa                   | <b>60 25'43,3"N 05 49'54,7"Ø</b> |         |
| <b>31</b> | 6    | Gamalt mikrokraftverk | <b>60 26'07,9"N 05 48'53,0"Ø</b> |         |
| <b>31</b> | 6    | Våningshus            | <b>60 26'06,3"N 05 48'52,8"Ø</b> |         |
| <b>31</b> | 6    | Løa                   | <b>60 26'05,4"N 05 48'53,0"Ø</b> |         |
| <b>31</b> | 7    | Løa                   | <b>60 26'03,9"N 05 49'01,7"Ø</b> |         |
| <b>31</b> | 8    | Grønsdalen kraftverk  | <b>60 26'23,0"N 05 52'18,2"Ø</b> |         |
| <b>31</b> | 19   | Våningshus            | <b>60 26'29,9"N 05 50'51,2"Ø</b> |         |
| <b>31</b> | 19   | Grønsdal skulehus     | <b>60 26'30,0"N 05 50'50,4"Ø</b> |         |

*Kommunedelplan for kulturminne 2012-2020*

|           |    |                                   |                           |
|-----------|----|-----------------------------------|---------------------------|
| <b>31</b> | 19 | Grønsdal skule, utedo/utehus      | 60 26'29,9"N 05 50'51,2"Ø |
| <b>31</b> | 57 | Sagbruk, rest etter nyare sagbenk | 60 26'18,2"N 05 50'50,5"Ø |
| <b>31</b> | 58 | Sagbruk, rest etter sagbenk       | 60 26'27,1"N 05 50'46,4"Ø |
| <b>31</b> | 62 | Våningshus                        | 60 25'47,1"N 05 50'30,1"Ø |

**KVITINGEN**

| Gnr.      | Bnr. | Kva         | Kartreferanse             | Merknad |
|-----------|------|-------------|---------------------------|---------|
| <b>32</b> | 3    | Løa         | 60 27'05,8"N 05 51'55,8"Ø |         |
| <b>32</b> | 3    | Våningshus  | 60 27'05,9"N 05 51'55,0"Ø |         |
| <b>32</b> | 3    | Vaskehus?   | 60 27'02,5"N 05 52'13,1"Ø |         |
| <b>32</b> | 5    | Våningshus  | 60 27'06,5"N 05 51'55,1"Ø |         |
| <b>32</b> | 5    | Løa         | 60 27'06,5"N 05 51'56,3"Ø |         |
| <b>32</b> | 5    | Utløa       | 60 27'00,8"N 05 52'18,1"Ø |         |
| <b>32</b> | 5    | Bru         | 60 26'59,9"N 05 52'18,2"Ø |         |
| <b>32</b> | 115  | Utløa       | 60 27'14,7"N 05 52'53,3"Ø |         |
| <b>32</b> | 119  | Løa         | 60 27'45,0"N 05 53'34,7"Ø |         |
| <b>32</b> | 119  | Våningshus  | 60 27'44,5"N 05 53'35,2"Ø |         |
| <b>32</b> | 119  | Jordkjeller | 60 27'44,0"N 05 53'35,2"Ø |         |

**HØYSETER**

| Gnr.      | Bnr. | Kva                   | Kartreferanse             | Merknad |
|-----------|------|-----------------------|---------------------------|---------|
| <b>33</b> | 4    | Steinbru              | 60 24'53,4"N 05 50'24,4"Ø |         |
| <b>33</b> | 4    | Driftveg              | 60 24'53,4"N 05 50'24,4"Ø |         |
| <b>33</b> | 5    | Løa med brakekledning | 60 25'01,3"N 05 50'05,4"Ø |         |

**SVENSDALEN**

| Gnr.      | Bnr. | Kva                      | Kartreferanse             | Merknad |
|-----------|------|--------------------------|---------------------------|---------|
| <b>34</b> | 3    | Brakekledd løe           | 60 23'21,1"N 05 54'13,2"Ø |         |
| <b>34</b> | 6    | Fossenbratte, krigsminne | 60 22'52,6"N 05 53'11,1"Ø |         |

**BØRDALEN**

| Gnr.      | Bnr. | Kva                                   | Kartreferanse             | Merknad |
|-----------|------|---------------------------------------|---------------------------|---------|
| <b>35</b> |      | Gamal gang- og rideveg Tysse-Norheim. | 60 23'16,5"N 05 50'55,2"Ø |         |

**HAUG**

| Gnr.      | Bnr. | Kva                                  | Kartreferanse             | Merknad |
|-----------|------|--------------------------------------|---------------------------|---------|
| <b>37</b> | 3    | Våningshus                           | 60 22'26,6"N 05 48'29,9"Ø |         |
| <b>37</b> | 3    | Stovehus/flor, flytta frå Smådalen   | 60 22'26,4"N 05 48'29,0"Ø |         |
| <b>37</b> | 3    | Stovehus, flytta frå Holmane         | 60 22'26,2"N 05 48'28,6"Ø |         |
| <b>37</b> | 3    | Stovehus/stabbur flytta frå Smådalen | 60 22'26,0"N 05 48'28,4"Ø |         |

**FRØLAND**

Kommunedelplan for kulturminne 2012-2020

| Gnr. | Bnr.  | Kva                   | Kartreferanse             | Merknad |
|------|-------|-----------------------|---------------------------|---------|
| 39   |       | Frøland kraftverk     |                           |         |
| 39   | 23,50 | Butikk og bakeri      | 60 22'45,8"N 05 48'25,7"Ø |         |
| 39   | 27    | Bedehus               | 60 22'47,1"N 05 48'30,0"Ø |         |
| 39   | 29    | Løa                   | 60 22'45,4"N 05 48'22,0"Ø |         |
| 39   | 68    | Stovehus/Tyskarbrakke | 60 22'46,2"N 05 48'23,3"Ø |         |

YTRE-TYSSE

| Gnr | Bnr.  | Kva                                | Kartreferanse             | Merknad |
|-----|-------|------------------------------------|---------------------------|---------|
| 43  | 1     | Lemstove frå ca 1850               | 60 22'23,8"N 05 45'27,0"Ø |         |
| 43  | 1     | Rotstova/Sperrestova               | 60 22'23,9"N 05 45'26,6"Ø |         |
| 43  | 5,6   | Barmen, løa, truleg nybygg ca 1898 | 60 22'05,6"N 05 44'12,6"Ø |         |
| 43  | 5,6   | Bryggja truleg nybygg ca 1898      | 60 22'10,5"N 05 44'09,5"Ø |         |
| 43  | 5,6   | Løypestrengfeste ca 1898           | 60 22'05,3"N 05 44'13,6"Ø |         |
| 43  | 5,6   | Naust ca 1898                      | 60 22'05,3"N 05 44,10,6"Ø |         |
| 43  | 5,6   | Veg til naust ca 1898              | 60 22'09,5"N 05 44'10,7"Ø |         |
| 43  | 5,6   | Våningshus ca 1898                 | 60 22'06,3"N 05 44'12,1"Ø |         |
| 43  | 7,12  | Heimaløa, felles for to bruk       | 60 22'24,6"N 05 45'27,4"Ø |         |
| 43  | 7     | Jonastova                          | 60 22'24,5"N 05 45'26,4"Ø |         |
| 43  | 11,15 | A/S SAFA – Samnanger Fabrikker     | 60 22'32,2"N 05 45'27,5"Ø |         |
| 43  | 52    | A/S SAFA – Samnanger Fabrikker     | 60 22'32,2"N 05 45'27,5"Ø |         |

GAUPHOLM

| Gnr. | Bnr.    | Kva            | Kartreferanse             | Merknad |
|------|---------|----------------|---------------------------|---------|
| 44   | 8,10,11 | "Nye" butikken | 60 22'08,5"N 05 41'55,7"Ø |         |
| 44   | 8,10,11 | Sjøhus         | 60 22'08,5"N 05 41'57,6"Ø |         |
| 44   | 8,10,11 | Våningshus     | 60 22'07,9"N 05 41'56,8"Ø |         |

SANDVIK

| Gnr. | Bnr. | Kva                                     | Kartreferanse             | Merknad |
|------|------|---|---------------------------|---------|
| 45   | 12   | Heimaløa                                | 60 21'29,8"N 05 41'25,1"Ø |         |
| 45   | 12   | Nothus                                  | 60 21'28,1"N 05 41'15,6"Ø |         |
| 45   | 18   | Lamhuset                                | 60 21'30,3"N 05 41'25,9"Ø |         |
| 45   | 45   | Våningshus, det eldste byrjinga av 1900 | 60 21'30,8"N 05 41'26,2"Ø |         |
| 45   | 74   | Våningshus, frå 1930                    | 60 21'28,2"N 05 41'25,1"Ø |         |
| 45   | 74   | Hønsehus                                | 60 21'27,4"N 05 41'25,3"Ø |         |

Kartreferansar kan sjåast hjå [www.seeiendom.no](http://www.seeiendom.no)